

Vilkårsrevisjon for Bergsdals- og Torfinnsvassdraget

Opna av NVE
04.02.2020



NVE



NVE

Revisjon av konsesjonsvilkår for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget i Vaksdal kommune, samt Kvam og Voss herad

NVE avgjorde den 04.02.2020 at konsesjonsvilkåra for reguleringane i Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget skal reviderast.

På bakgrunn av krav frå Stiftelsen Voss Kjekkeri, Voss Kajakkklubb, Vaksdal kommune og Kvam herad, samt felles kravdokument frå kommunane Voss, Vaksdal, Vik, Modalen og Kvam og føringar frå NVE, har BKK Produksjon AS utarbeidd eit revisjonsdokument som beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggst no ut til offentleg høyring og NVE inviterer alle som har interesse av saka til å uttale seg. Revisjonsdokumentet og fråsegnene vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVEs internettside www.nve.no/konsesjonssaker. For å snevre inn søket vel «Vannkraft» under «Alle typer» og «Revisjon av vilkår» under «Alle sakstyper». Generell informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår finnast på www.nve.no/revisjon. Revisjonsdokumentet er òg lagt ut til offentleg gjennomsyn på servicetorget i Vaksdal, servicetorget i Kvam og servicetorget på Voss tinghus i tillegg til kommunane sine heimesider. Dersom du ønskjer ein papirversjon kan du kontakte Svenn Rognås hos BKK tlf. 551 27329 eller e-post: svenn.rognas@bkk.no.

Fråsegner kan sendast NVE via internett www.nve.no/konsesjonssaker ved å gå inn på den aktuelle saka, med e-post til nve@nve.no eller med post til NVE, Energi- og konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Høyringsfristen er 1. november 2021.

I samband med sakshandsaminga vil NVE arrangere ei synfaring.

På bakgrunn av revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette skal NVE gi ei innstilling til Olje- og energidepartementet, med forslag til nye konsesjonsvilkår. Fråsegnene er offentlege dokument som vil bli referert i innstillinga. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.

Kva er ein vilkårsrevisjon?

Fastsett i [vassdragsreguleringslova](#):

§ 8. Adgang til revisjon

Vilkårene for konsesjonen kan tas opp til alminnelig revisjon etter 30 år.

Er det gitt flere konsesjoner i samme vassdrag til forskjellig tid, kan kortere revisjonstid fastsettes.

Hvis vilkårene blir revidert, har konsesjonæren adgang til å frasi seg konsesjonen

...

Tidligere gitte tidsubegrensede konsesjoner kan revideres 50 år etter de ble gitt. Alle konsesjoner kan uansett revideres etter 19. juni 2022.

Revisjonens formål:


...hovedformålet med en revisjon er å bedre miljø- og naturforholdene ved å **avbøte ulemper og negative virkninger ved utbyggingen.**

Bestemmelser i konsesjonen om høyeste og laveste regulerte vannstand (HRV og LRV) samt overføringer kommer ikke inn under hva som kan revideres.

Revisjonen åpner imidlertid for å vurdere blant annet **endring i manøvreringspraksis**, minstevannslipp og biotopjusterende tiltak.

NVE vil i sin behandling følge OEDs "Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragskonsesjoner" av 25.05.2012.

Tidslinje:



Kva vil me?

- at tapping vert avslutta 1. mai, mot 15. mai i dag.
 - minimum vasstand før tapping må vera kote 585, mot 584 i dag (båtopprekket er frå kote 580 - 588)
-
- alternativ tilkomstløyising frå parkeringsplass på nordsida av Hamlagrøvatnet til Søre Hamlagrø og Kyrkjevika som kan nyttast heile året.
 - tilrettelegging for elvekryssing langs sørsida av Hamlagrøvatnet og tilrettelegging i området ved Lomatjøn
 - mange har sut for fisken. Me er ikkje usamde. Det ser ut som den ynglar godt, så me har ikkje brukt tid på det
 - betre tilhøve for båt er og tilrettelegging for ferdsle

Om høyringssvara:

KH sitt svar: [Lokal fil](#) - [På nett](#)

«Alle» med tilknytning til Hamlagrø vil endra vilkår om sommaren!

Desse stør krava om, eller peikar på ulikt vis på problem med trygg ferdsle om vinteren:

- [Statsforvaltaren](#)
- [Kvam Herad](#)
- [Rykkje Grendalag](#)
- [Blåkoll Sameige](#)
- [Forum for natur og friluftsliv Hordaland](#)

FNF Hordaland er ei samanslutning av:

- Bergen og Hordaland Turlag
- Bergen og omland Friluftsråd
- Birdlife Hordaland
- Hordaland Fylkeskystlag
- Hordaland Krins av Norges Speidarforbund
- Naturvernforbundet Hordaland
- Norges Jeger og Fiskerforbund
- Syklistenes landsforening, Bergen og omegn
- Vestland botaniske forening
- Voss kajakkklubb
- Voss utferdslag

Statsforvaltaren: Anna viktig naturmangfald, landskap og friluftsliv
Innafor reguleringsområdet finn ein sær sære viktige frilufsområder (Naturbase). Det er godt utvikla løypenett og fleire hytter i området.

Å sikre trygg ferdsel i området er viktig. Eksempelvis er Hamlagrøvatnet mykje nytta til ferdsel, sommar og vinter.

Ved revisjonen av konsesjonsvilkår vil det vere viktig å sikre heimelsgrunnlag for at regulanten skal bidra til å oppretthalde bruks- og opplevingsverdiar i området, og eventuelt kunne påleggjast kompenserte tiltak og tilretteleggingstiltak.

Vi legg til grunn at standard naturforvaltningsvilkår vil sikre dette.

Pkt. 7 i Kvam Herad sin uttale:

Kvam heradsstyre støttar nabokommunane sine uttalar, og ber om at NVE vektlegg uttalane frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar i vidare revisjonsprosess.


FNF Hordaland:

vil at NVE tar hensyn til vannene som ferdselsårer vinterstid, og sikrer at forsvarlig regulering og grundig undersøkelse og varsling gjør det mulig å opprettholde vannene som de vinterløypene de er per i dag. Dette er særlig aktuelt for Hamlagrøvatnet.

Kva kan alternativ tilkomstløysing eller avbøtande tiltak vera?

- Veg?
- Skuter- og skiløype?

Med utgangspunkt i det svært gamle og unøyaktige magasinkartet over Hamlagrøvatnet, s 156 i BKK sitt revisjonsdokument frå juni 2021



Taktikk for vidare arbeid:

Synfaring:

- ØRHJK med!
- HF med?
- Vestlandsrevyen?
- Meir, men sakleg
leven i sosiale
medier

Gode idear?

Eviny AS hadde eit svært godt resultat i 4. kvartal 2021. – Vi i Eviny fastset ikkje straumprisen, men det er liten tvil om at prisen er for høg for forbrukarane. Samtidig betyr det at vi tener mykje pengar og at vi betaler om lag 2 milliardar kroner i skatt tilbake til storsamfunnet, i tillegg til utbytte til eigarane, seier konsernsjef Jannicke Hilland.



Konsernresultatet til Eviny for 4. kvartal 2021 etter skatt var 442 millionar kroner,

364 millionar kroner betre enn same kvartal 2020.

Takk for merksemda 😊